

– Vel, vel, og god tur, då! Det aller fyrste fredskorpset i 1963

Av Roy Krøvel

Det var ei stor mediehending då det fyrste Fredskorpset endeleg vart sendt til Uganda før jul i 1963. Nordmenn flest brydde seg om Fredskorpset, og både journalistar og publikum venta forvitne på forteljingar om små og store bragder utførte av deltagarane. Det var ikkje berre ei gruppe unge menneske på jakt etter individuelle erfaringar og eventyr som reiste ut; ungdommen var også utsendingar frå eit folk som ville hjelpe, ville gjere noko godt for andre.

Det var temmeleg kjølig på flyplassen på Fornebu grytidleg torsdag morgen den 12. desember 1963. På gamle opptak frå NRK Radio kan ein formeleg høyre korleis deltagarane strevar med å forme orda i frosne lepper. Men stemninga var god; alle gledde seg til eventyret.

– Eg ser fram til å få lære mykje, fortalte røntgensøster Aslaug Berg, og la til at ho sjølv sagt også hadde von om å få gjort litt nytte for seg.

NRK-reporteren spør kaptein om reiseruta, og kaptein forklarar at militærflyet, eit C-119 frå Luftforsvaret, lyt mellomlande tre gongar på vegen sørover.

– Kanskje vert det tid til å sjå pyramidane også? spør NRK. Aslaug Berg er ikkje sikker.

– Vel, vel, og god tur, då, avsluttar NRKs utsendte reporter, og delegasjonen stig om bord i flyet. 17 medlemmer av det fyrste fredskorpset, tre frå administrasjonen og fem journalistar er med på reisa, fortel VG same morgen.¹

«Blant medlemmene av det norske fredskorpset er en agronom, en røntgensøster, en jordmor, en velferdsassistent, en helseøster og en journalist. De skal alle gjøre tjeneste i sine respektive yrker i Uganda», forklarar VG. «Kristiansandspiken Tora Margrete Gerrard innrømmer at det ligger ikke fullt så meget idealisme som reiselyst og eventyrlyst bak hennes tur til Uganda. – Dessuten er det en enestående anledning til å komme til Afrika, til å komme til et annet kontinent og lære det å kjenne.»

NRK hadde allereie ei veke tidlegare fortalt at dei ville sende eit lite team frå fjernsynet med fredskorpset til Uganda. Haagen Ringnes skulle vere reporter.² På den tida hadde NRK ei heilt anna stilling i medielandskapet enn no, ikkje minst på grunn av kringkastingsmonopolet. Dermed kunne NRK også sette dagsorden for det offentlege ordskiftet på ein heilt annan måte enn 50 år seinare.

At NRK sendte eit eige team frå fjernesynet til Uganda, fortel litt om den store interessa som fredskorpstanken hadde vekt. Medlemmene av fredskorpset var frå heile landet. Dermed var det berre naturleg at også regionsavisar og lokalavisar brukte mykje tid og plass på fredskorpset den fyrste tida. Det var, med andre ord, stor merksemd om fredskorpset.³

«I fullt arbeide» og «i viktige stillinger»

¹ ("Fredskorpset på vei. Med juletre og eventyrlyst i bagasjen" 1963)

² ("NRK med "Purka" til Uganda" 1963)

³ NRK har dverre ikkje teke vare på opptaka av reportasjane som Haagen Ringnes laga for fjernsynet.

Haagen Ringnes var usikker på kva teamet frå fjernsynet eigentleg ville få sjå i Afrika. Det var visst meininga at fredskorpset skulle bu på hotell dei fyrste to vekene av opphaldet sitt, og sidan teamet frå NRK berre skulle vere åtte dagar i Uganda, var det nokså uklart om dei eigentleg ville få særleg inntrykk av sjølve arbeidet til fredskorpset. «Men vi håper likevel på en eller annen måte å få konfrontert dem med sitt arbeidsfelt.»

Fire dagar etter avreise kan Aftenposten fortelje at fredskorpset på flyplassen i Kampala vart møtt av justisminister Ibingira og «andre medlemmer av regjeringen», som «sørget for at gruppen ikke ble oppholdt unødvendig i pass- og tollkontrollen».⁴ Forundrande raskt kan Aftenposten på fyrste side fortelje at fredskorpsdeltakarane «er plasserte i sine stillinger», og at styresmaktene i Uganda har reagert positivt: «Stor mottagelse», slår Aftenposten fast i undertittelen.⁵ Fredskorpset feirar «norsk jul i Uganda», fortel Aftenposten på julaftan, «og så tar de fatt på nye oppgaver».⁶ Rett over nyttår kjem det godt nytt heim til det norske publikum. Aftenposten kan fortelje at fredskorpset er i fullt arbeid «i viktige stillinger».⁷

Journalist Harald Brynhildsen i Aftenposten gjer det klart at det eigentleg ikkje er så mykje han kan seie om Uganda og tilhøva der nede etter berre eit par dagar i landet. Aftenposten hadde returnert til Noreg med det same flyet frå Luftforsvaret som hadde frakta journalistar og fredskorpset sørover. Derfor var både journalisten og Aftenposten i røynda nokså avhengige av fredskorpset og administrasjonen i Norad for å få informasjon om korleis det eigentleg gjekk der nede. Den journalistiske dekninga av fredskorpset var altså ikkje fullstendig fri og kritisk, men i nokså stor grad bunden til den informasjonen som Fredskorpset og Norad produserte sjølve.

Haagen Ringnes og teamet frå NRK var i Uganda litt lenger enn Aftenposten, til saman åtte dagar inkludert reisa. Det gav tydeligvis grunnlag for fleire innslag; nokre ser ut til å ha eggja opp den faste spaltisten «Don Segundo» i VG. Diverre har ikkje NRK teke vare på opptaka, så det er ikkje mogeleg å referere detaljert frå innhaldet. Kritikken frå «Don Segundo» indikerer likevel at dette må ha vore nokså velviljuge reportasjar utan altfor kritiske spørsmål. «Don Segundo» utløyste kanskje den aller fyrste kritiske polemikken mot Fredskorpset:

For nå er det jo gått opptil flere dager siden vi hørte noe om vårt tapre lille Fredskorps i Uganda og dets enestående innsatsvilje. Av Tv's Haagen Ringnes fikk vi vite hvordan denne innbitte innsatsviljen hadde maktet å føre dem uskadd, men naturligvis litt medtatt, hele veien med fly fra Norge til Uganda. Ikke rart han var imponert. Ringnes. Så har vi fått se bilder av hvordan det første møtet med de farlige innfødte forløp. Det gikk over all forventning, tør vi tro de tilsendte bilder. De staute norske ungdommer fikk igjen anledning til å vise at innsatsviljen var usvekket, noe heller ikke de andre i det medsendte publisitetskorts har kunnet unngå å bemerke og selv sagt gitt behørig uttrykk for sin beundring på trykk. Men aller mest imponerende har nok likevel vært å lese om den måten disse unge mennesker uanfektet har møtt det ustanske solskinn og varme sommerklima på, som jo måtte bli litt av et sjokk for dem midt i en juletid. Forstår vi de utsendte reportere rett, vil disse barske

⁴ ("Fredskorpset fremme" 1963)

⁵ (Brynhildsen 1964b)

⁶ (Brynhildsen 1963)

⁷ (Brynhildsen 1964a)

ungdommene heller ikke la seg kue av dette i dagene som kommer. De skal nok vite å bite tennene sammen og tåle det.⁸

Haagen Ringnes forsvarte seg rett over nyttår med humor, men alvoret låg ikkje langt under overflata. I eit PS tilrådde han at Don Segundo sjølv burde reise med neste fredskorps til Uganda. Då ville han få sjå «at disse folkene kan en jobb og er innstilt på å gjøre den», og «at det simpelthen er bruk for slike folk der nede». «Det er en større innsats å la seg verve til det norske fredskorps enn det er å drive flåsete journalistikk omkring et alvorlig tema», avslutta han motinnlegget.⁹

På overflata kunne det verke som lett og uhøgtidleg kappestrid mellom vene og gode journalistkollegaer, men slik var det neppe. Den skjemtande tonen skjuler ein bitter kulturstrid som raskt vart prega av personangrep. Haagen Ringnes reiser i eit anna innlegg spørsmålet: «Virker TV fordummende – på TV-kritikeren?» «Don Segundo» følte seg kanskje råka, og gjekk til motangrep.¹⁰ Alle hemningar er no lagde til sides. Ja visst, TV kan sikker verke fordummande, stemmer «Don Segundo» i. «I sær virker det jo sannsynlig at det må gå den veien med et forholdsvis normalt menneske hvis det gjentatte ganger aldeles uforvarende skal bli utsatt for reportasjer av samme slag som den om f.eks. fredskorpsets reise til Uganda.» VGs faste spaltist nøyer seg ikkje med kritikk av det journalistiske arbeidet til Ringnes, han går også til åtak på «manglende sjarm» og utsjånad. Det var ikkje mykje som skulle til før usemje. Kritikken retta seg ikkje direkte mot Fredskorpset i Uganda og arbeidet der, men mot mediedekninga. «Don Segundo» nekta å tru at norske journalistar på nokre få dagar kunne dokumentere så storarta innsats som reportasjane indikerte. Haagen Ringnes meinte at «Don Segundo» ikkje kunne vite noko om det. Dei hadde kanskje begge rett, kvar på sitt vis. Polemikken var kanskje eit forvarsel om diskusjonar som skulle kome seinare om journalistikk og bistand.

Hastverk med å få ting på plass

Nokre veker før fredskorpset kom til Uganda, hadde Ole Andreas Lunder reist i førevegen. Han skulle vere administrativ leiar for fredskorpset og sørge for planlegging og dialog med ugandiske styresmakter. Lunder arbeidde på spreng for å finne gode arbeidsplassar for alle dei norske deltagarane. Det var eit stort og krevjande arbeid, ikkje minst fordi det var så lite tid til detaljplanlegging. Det endelege vedtaket om å sende fredskorpset til nettopp Uganda hadde skjedd nærmest ved eit tilfelle, og berre nokre få månader før avreise. Tre, fire dagar før fredskorpset reiste frå Oslo, meldte Lunder heim at arbeidet med å finne høvelege arbeidsplassar no mest var fullført (Lunder, Ola Andreas, «Rapport» Kampala 9.12.1963). Dermed kunne Lunder i januar 1964 rapportere heim til Oslo at «det er min personlige mening at fredskorpset har fått en god start» (Lunder, Ola Andreas, «Rapport» Kampala 10.1.1964). Det hadde sjølv sagt vore ein del «begynnervanskeligheter» for enkelte, men det var kanskje ikkje anna å vente. Diverre måtte også delar av eit planlagt introduksjonsseminar i Uganda avlysast på grunn av julefeiringa og andre praktiske tilhøve.

⁸ (Don Segundo 1963)

⁹ (Ringnes 1964)

¹⁰ (Don Segundo 1964)

Informasjonstenesta i Norsk Utviklingshjelp koordinerte arbeidet med å fortelje nordmennene heime om arbeidet i Uganda. Fredrik Schjander var ein dugande informasjonssjef med mykje relevant erfaring frå både presse og kringkasting, og visste korleis informasjonen kunne gjerast interessant for media. Etter at fredskorpset hadde vore i Uganda i fire månader, fekk han laga ein artikkel basert på erfaringane til dei 17 medlemmene. Artikkelen vart også omsett til engelsk og sendt ut til ei lang liste med mottakarar.

Artikkelen fekk tittelen «Norske sykepleiere kjemper mot uvitenhet i Uganda».¹¹ I tillegg har artikkelen to undertitlar: «Regntid, torden og tilløp til jordskjelv skaper ingen problemer for Det norske fredskorps» og «Fritiden benyttes til safari, fjellklatring eller teselskap hos den lokale konge».

Det er ein måte å ramme inn informasjon på som i dag neppe har nokon naturleg plass i kommunikasjonsstrategien til Fredskorpset. Poenget her er ikkje å kritisere dei som i tidlegare tider trass alt gjorde ein innsats. Likevel peikar desse overskriftene på minst tre tilhøve som Norsk Utviklingshjelp ville fortelje folk flest: For det fyrste at dei norske deltagarane hadde kunnskap og gjorde ein innsats for å kurere «uvitenhet». For det andre at arbeidet gjekk etter planen, sjølv om det hadde vore både jordskjelv og regntid. For det tredje at fredskorpset kunne by på eksotiske og spanande opplevelingar. Forteljinga er ramma inn på ein måte som reduserer Afrika og afrikanarar til nokså hjelplause mottakarar av norsk hjelp. Samstundes vert Afrika framstilt som fargerikt og eksotisk.

Artikkelen til Schjander er full av fascinerande informasjon om stort og smått som har skjedd dei fyrste fire månadene. Det er ikkje lite. Deltagarane har tilpassa seg dei lokale tilhøva og har kome godt i gang med sine uvante oppgåver. Norsk Utviklingshjelp meiner at dei deltagarane som arbeider i helsevesenet eller arbeider med «sosial virksomhet», gjer ein særleg verdfull innsats, men også dei andre «beretter om store oppgaver». Det har sjølv sagt vore ein del problem i starten, men alt i alt må ein kunne seie at det har gått «glattere enn man hadde regnet med på forhånd».

Det er dei mange små og store daglegdagse hendingane som vert lyfta fram for lesaren: Ingrid Opdøl og Berit Bolstad har sett poteter og sådd ti ulike slag grønsaker i hagen framfor huset der dei bur. Jordmor Hanna Bild har fått sendt ned ein stor pakke med frø frå eit firma i Noreg for å prøve korleis dei veks i afrikansk jord. Det går slett ikkje så verst, fortel Fredrik Schjander. Oslo-guten Tor Foss arbeider som ungdomsleiar i hovudstaden, der han organiserer kurs i fyrstehjelp, engelsk, debatt-teknikk og fotografering. Ivar Johannesen leier arbeidet med å kartlegge store strekningar med skog rundt Victoriasjøen. Han fortel at arbeidet ofte førte til at han måtte vasste i meterdjupt vatn og søle. Litt uroleg for kva det kunne føre til av helseproblem, var han nok, men Schjander trøstar lesaren med at «Johannesens motstandsdyktighet øker utvilsomt fra dag til dag under slike forhold».

Det må ha vore mange krevjande oppgåver for fredskorpsarane. Schjander gjekk gjennom nokre av utfordringane. Helseyster Tora Margrete Gerrard frå Kristiansand har fått overoppsyn med ei heil medisinsk avdeling på sjukehuset i byen Lira, i tillegg til både kirurgisk kvinneavdeling og ei barneavdeling. Sivilingeniør Harald Julsrød er oppteken med å stikke ut nye vegar i området omkring byen Mbale ved foten av Mount Elgon. Julsrød brukte påska til å klatre til topps på Mount Elgon saman med fem indiske vener.

¹¹ (Schjander 1964)

Representanten for Fredskorpset i Uganda er også godt nøgd då han etter om lag åtte månader skriv ein ny rapport heim til Norsk Utviklingshjelp i Oslo. «Mitt inntrykk pr. i dag er at fredskorpset nå er kommet i god gjenge her i Uganda selvom det fremdeles er enkelte vanskeligheter som må overvinnes.»¹² Det hadde i mellomtida kome ei ny gruppe fredskorpsarar til Uganda. Også for denne gruppa såg det bra ut. Mest alle hadde fått seg «tilfredsstillende arbeidsoppdrag». Eit unntak var ironisk nok dei tre som var plasserte hjå Ministry of Planning and Community Development. «Det er mitt inntrykk at dette departementet pr. i dag ikke makter å nyttiggjøre seg de tildelte fredskorpsdeltakere med kvalifikasjoner på ungdoms og idrettsområdet.»

Også fleire av rapportane frå medlemmene av fredskorpset gjev inntrykk av både trivsel og av at arbeidet går bra. Ei av kvinnene, som var fysioterapeut, fortel i den andre rapporten sin at ho arbeider på New Mulago Hospital i Kampala, og at ho trivst særsla godt (Rapport 2, Kampala 6.4.1964). På fritida underviser ho engelsk på ein fritidsklubb der ein annan fredskorpsar arbeider, i tillegg til at ho spelar ein del tennis og lærer seg litt swahili. Diverre opplever dei fleire innbrot i huset der dei bur. Det er naturlegvis ei skræmmande oppleving. Ein av mennene arbeider med ei rad ungdomsklubbar. Han fortel i ein av dei første rapportane sine at det slett ikkje var nokon «klubb» på Kiswa då han kom dit, men med god hjelp frå ein lærar og nokre ungdomar fekk dei då stifta ein slags «klubb». ¹³ Det er nok å gjere. Han flyttar stadig fram og tilbake mellom ulike stadar med ulike klubbar. På Nakivubu har dei laga eit «ganske hardt program» med ulike kurs, men gutane ser ut til å like det slik, fortel han. Samstundes beklagar han at det berre er gutar i klubben. Det er tydelegvis eit problem dei har drøfta, men ikkje funne noka løysing på. Men dei lukkast med å få i stand filmframsyning i Nakivubu. Elles går det mykje i song, fortel han.

Informasjonsarbeid i Noreg

Administrasjonen i Fredskorpset legg ned mykje arbeid for å spreie informasjon om fredskorpset. Medlemmene av fredskorpset er rekruttert frå heile landet, og det medverkar til at redaktørar i både regionsavisar og lokalavisar meir enn gjerne trykker både tekst og biletar dei får tilsendt. Dei reknar med at lesarane gjerne vil vite meir om kva som har skjedd med både dei lokale og dei andre deltakarane. Trønder-Avisa trykker til dømes ein lang artikkel med tittelen «Norsk sivilagronom jordbruksionér i Uganda» i september 1964.¹⁴ Undertittelen fenger kanskje like mykje: «Oslo-ingeniør instruerer afrikansk ungdom i folkedans». Det er ingeniør Harald Julsrød som på fritida lærer bort folkedans til ungdom. Trønder-Avisa framhevar også at sju av fredskorpsarane hadde gått saman om å klatre opp på Kilimanjaro, det høgste fjellet i Afrika. Om ein skal bruke oppslaga i slike lokalavisar som grunnlag, er det tydeleg at dei norske lesarane gjerne vil høyre om det konkrete arbeidet som norske fagfolk har gjort i Uganda, men at dei vel så gjerne vil høyre meir om dei eksotiske opplevingane medlemmene av fredskorpset har hatt.

Journalistane og media spelar på mange måtar ei dobbeltrolle her: Media fortel viljug om erfaringane til fredskorpsarane. Fredskorpsarane fortel helst om alt dei sjølve har lært. Likevel endar artiklane og reportasjane som oftast opp med å stadfeste norske fordommar om dei andre, og dermed også våre

¹² (Lunder 1964)

¹³ (Anonymisert 1964)

¹⁴ ("Norsk sivilagronom jordbruksionér i Uganda. Oslo-ingeniør instruerer afrikansk ungdom i folkedans" 1964)

eigne førestellingar om oss sjølve i kontrast til dei andre. Verda der ute vert skapt av norske redaksjonar slik at ho høver til sjølvbiletet vårt.

Dei fyrste par åra er det stor medieinteresse for fredskorpset. Det vekker særleg stor interesse når deltakarane kjem heim frå Uganda, så Norsk Utviklingshjelp nyttar høvet til å få laga ein brosjyre om fredskorpset. Glåmdalen trykker i mai 1966 nærest ei rein avskrift av brosjyren (Glåmdalen, 7.5.1966). Artikkelen er illustrert med bilete av fysioterapeutane Sørsdal og Kielland «i fullt arbeid». Dessutan er det eit foto av Ola Storhaugen i positur saman med ei kvinne som ber vatn. Biletet er utstyrt med teksten: «Ola Nordmann i afrikanske omgivelser». Kanskje er det nettopp det han er, Storhaug, kledd i kakishorts, lett skeptisk smilande: ein representant for alle nordmenn. Glåmdalen forklarar: «Gjennom sitt daglige arbeid skal de gi fra seg noe av den erfaring, rikdom og tekniske viten som vår utviklede del av verden har kunnet gi dem, slik at når de reiser hjem etter 2 års tjeneste, er nye kunnskaper tilbake hos dem de arbeidet sammen med.» «Kan det tenkes et mer ideelt utgangspunkt for hjelp til selvhjelp?» Samstundes verkar det som desse rapportane heim frå deltakarane stadfestar hovudkonklusjonen som Glåmdalen trekker: «Det Norske Fredskorps har gjort mange gode erfaringer, og de deltakerne som er ferdige med sin tjeneste, har lært mye om verden omkring oss, og de har også kunnet lære sitt vertskap mye.»

Heimkomne fredskorpsarar vert intervjua som ekspertar på bistand. Éi fortel til Aftenposten: «Etter to år [...] sitter jeg igjen med en følelse av at jeg har fått mer enn jeg har gitt.» Andre, som Oddbjørn Wøhni frå Finnmark, engasjerer seg aktivt for å rekruttere til nye fredskorps som skal nedover. Wøhni lovar Lofotposten at dersom det finst ein «ung nord-norsk fisker» med lyst til «å drive sitt yrke i Uganda», så vil han «få en uhyre interessant oppgave med å modernisere fisket i sjøene». ¹⁵ Olav Bakken Jensen skreiv levande om sine møte med lokal kultur då han arbeidde som vilttoppsynsmann. Der treffer han Luigi, ein av dei eldre i ei gruppe som Jensen kallar «nkomø»: «Han og hans frender tilhører et folkeslag som har konsentrert seg om å utvikle sivilisasjonens mere subtile former. Kvinner, mat og drikke. Jakt og dagdriveri, lek med barn, dans og fest og samtale og vennskapets gleder.» ¹⁶ Teksten fortel mykje om Luigi og frendane hans, men endå meir om forfattaren og hans blikk: «befolkningen er småbrukere, fiskere, hjemmebrennere og snikskytttere.»

Fredskorpset vart oppretta som ei prøveordning av Stortinget i april 1963. Snaue to år seinare vart det utnemnt eit utval med tre erfarne medlemmer som skulle vurdere erfaringane så langt. Dei tre reiste til Uganda i april, og fekk etter kvart snakke med mest alle deltakarane. Dessutan hadde dei fleire møte med styresmaktene i Uganda. Konklusjonen var klar. Dei ugandiske styresmaktene ville gjerne ha endå fleire fredskorpsarar enn det dei hadde fått hittil. Deltakarane var også positive, og fleire sa seg viljuge til å reise på nye oppdrag. Leiaren for utvalet, forsvarsråd Jakob Modalsli, heldt fram at dei hadde møtt stimulerande interesse og innsatsvilje, ei svært god evne til tilpassing og fin kontakt mellom unge nordmenn og folket i Uganda. Petter Jacob Bjerve, økonom og medlem av utvalet, lovar at fredskorpset skaper verdiar som er langt større enn utgiftene. Det er liten motstand mot å gjere ordninga permanent, og saksordføraren for saka på Stortinget, Rakel Seweriin, held fram at Stortinget sjeldan får ei sak som etter ein så kort prøveperiode kan seiast å vere vellukka.

¹⁵ (Mikkelsen 1966)

¹⁶ (Jensen 1966)

Uro i rekken?

Fredskorpset kunne nyte stor velvilje både frå lovgjevarane og media. Det vart ikkje sagt mykje kritisk om innsatsen til Fredskorpset i Uganda dei fyrste åra. Likevel var det ikkje alt som gjekk heilt slik som det burde.

På vårparten vitja ein journalist frå Fædrelandsvennen Uganda. Egil Remi Jensen gjorde intervju med alle dei aktuelle fredskorpsarane, og oppslaget vart ein gjennomgang av store og små hendingar. Artikkelen skulle også stå på trykk i Dagbladet, men der reagerte journalisten som hadde fått ansvar for oppslaget. Han ringte straks informasjonssjef Fredrik Schjander i Norsk Utviklingshjelp. Schjander fekk dermed høve til å «luke ut» ein del «uheldige» utsegner som ein av deltakarane hadde kome med. Dermed kom ikkje dei kritiske ytringane på trykk i Dagbladet. I Fædrelandsvennen, derimot, var skaden allereie skjedd.

Det var ein høgst irregulær journalistisk praksis. Vanlegvis insisterer journalistar og redaktørar på å vere uavhengige og på å stå imot alle former for press. I dette tilfellet, derimot, var det Dagbladet sin medarbeidar som kontakta Norsk Utviklingshjelp for å unngå nokre kontroversielle utsegner. Det illustrerer fleire ting. For det fyrste fortel det noko om kor sterkt mange, også journalistar, identifiserte seg med fredskorpset. Dei var våre representantar. For det andre fortel det også om ein viss elitisme; det fanst informasjon som folk helst ikkje måtte få tak i.

Det var ikkje rare greiene som skulle til før Dagbladet og Norsk Utviklingshjelp måtte luke det ut av avisspaltene: Då journalisten frå Fædrelandsvennen kom til murarmeister Gulbrandsen, svara han så godt og oppriktig han kunne. Når sant skulle seiast, så hadde han ikkje gjort noko som helst slags arbeid sidan han vart plassert i småbyen Moroto, forklara han. Det var ikkje så frykteleg farleg, heller. I Moroto var det nemleg rikeleg med terrenget til jakt og friluftsliv, så det verka som han hadde hatt ei fin tid, trass alt. Dessutan, la han til, var dei lokale på desse traktene stort sett berre kvegtjuvar og drapsmenn, primitive folk.¹⁷

Lasse Aasland, leiar for Fredskorpset, skreiv straks til Ola Andreas Lunder, som var norsk representant i Uganda: «Det er mulig at alt dette er riktig, men det er i allfall liten grunn til at en fredskorpsdeltaker skal betegne Ugandas innbyggere som mordere og kvegtyver. Dette kan du jo si til ham ved leilighet, under ivaretagelsen av de nødvendige diplomatiske former.»¹⁸ Aasland skreiv også eit rundskriv til alle fredskorpsdeltakarane der han minnte om avtalen kvar enkelt fredskorpsar hadde inngått med Norsk Utviklingshjelp. Der står det at fredskorpsarane må vise diskresjon i arbeidet, og at «opplysninger som kan være til skade for det land vedkommende tjenestegjør i, ikke uten vidare må offentliggjøres».

Det var kanskje rimeleg å be fredskorpsdeltakrar om å unngå store, sveipande og upresise generaliseringar for å skildre lokal kultur og lokale folkeslag. Å karakterisere folk flest i Moroto som kvegtjuvar og drapsmenn var i beste fall å smørje nokså tjukt på, truleg mest for å imponere både journalist og lesar. Men Dagbladet og Fredskorpset sensurerte også vakk utsegner som kunne tolkast som kritikk av førebuingane til Fredskorpset sjølv. Informasjonstenesta hadde allereie utvikla eit vakent blikk for Fredskorpset sine eigne interesser.

¹⁷ (Jensen 1964)

¹⁸ (Aasland 1964)

Det var sjølvsagt mange ting som ikkje gjekk heilt slik som dei burde; noko anna ville ha vore nærmast utenkjeleg. Fredskorpset hadde svært lite tid til detaljplanlegging, og dei statlege samarbeidspartnerane i Uganda sleit med administrative utfordringar. Ingen som har kjennskap til slike samarbeidsprosjekt i Afrika, vil verte overraska over å høyre om dei problema og utfordringane som møtte deltagarane i Uganda. Diverre viste korkje media eller Norsk Utviklingshjelp særleg stor iver etter å medverke til meir kritisk kunnskap om slike problematiske tilhøve. Dermed mista også folk flest eit fint høve til å få større og betre innsikt i alle dei ulike sidene ved utvikling eller bistand.

I informasjonstenesta i Norsk Utviklingshjelp var dei uroa over den relativt svake posisjonen utviklingshjelpa hadde ute mellom vanleg folk. I eit brev til fredskorpsdeltakarane skreiv informasjonssjef Leif Vetlesen i 1966: «Som dere vet, er det en svikt i norsk folkeopinion når det gjelder utviklingshjelpen. Dette kan komme til å bety en alvorlig hindring for det videre arbeide med denne viktige oppgave.»¹⁹ Vetlesen meinte at mangelen på interesse først og fremst kom av mangel på kunnskap. Derfor retta han ein innstendig appell til fredskorpsarane i Uganda. Det som trengst, er ikkje høgtidlege utgreiingar frå ekspertar, men enkle forteljingar med medmenneskelege innslag, forklarar han.

I boka si om Fredskorpset hevdar Vetlesen at Fredskorpset ikkje hadde vorte etablert dersom det ikkje var for det folkelege presset nedanfrå (Vetlesen 1987)(Vetlesen 1987). Det var vanlege folk, ikkje ekspertar og politikarar, som fekk gjennomslag for fredskorpsideen. Men i brevet er det Fredskorpset som kjenner seg usikker på det same folket og uroar seg for ein «svikt» i folkeopinonen.

Det tok ikkje lang tid frå dei første fredskorpsarane var på plass i Uganda, til administrasjonen i Fredskorpset byrja å lage seg ein PR-strategi. Det vart leidt inn profesjonelle PR-folk som skulle stå for utviklinga av informasjonsmateriale og ein heilskapleg plan for informasjonen som vart send ut til nordmenn flest.

Det er forståeleg at Fredskorpset ville unngå at deltagarane røpte informasjon som kunne gjøre skade for landet der dei arbeidde, men også dette prinsippet kan problematiserast. Nokre år seinare var det til dømes fleire fredskorpsarar i Uganda som ynskte å åtvare mot Idi Amin og det terrorregimet som han var i ferd med å bygge opp. Kva skulle då vere rolla til medlemmene av Fredskorpset? I slike tilfelle var det ikkje lett å vite korleis retningslinjene skulle handhevast – var interessene til «landet» dei same som til regimet? Korleis skulle ein i så tilfelle skilje mellom «land» og «regime», særleg når samarbeidet bar preg av å vere institusjonelt samarbeid mellom to statar?

Korkje Fredskorpset sentralt eller Norad gjorde nokon sterk innsats då fredskorpsarar i Uganda nokre år seinare ville åtvare mot Amin og den gryande terroren.²⁰ Men i 1964 var meir kvardagslege spørsmål vurderte i samarbeid mellom Dagbladet og informasjonssjefen i Norsk Utviklingshjelp. Det var nok vel så mykje styrt av faren for å skade omdømet til Fredskorpset som Uganda sine interesser.

Erfaringar i felt

¹⁹ (Vetlesen 1966)

²⁰ (Vetlesen 1987)

Både avisreportasjane og rapportane heim viser eit ettertenksamt og læreviljug fredskorps.

Deltakarane fortel audmjukt om både forventing og erfaring, og legg mest vekt på alt dei har lært av dei andre. Det er langt frå brautande ekspertar som reiser ut for å lære frå seg. På mange måtar legg dei sjølv vekt på dei ideane som Galtung og andre opphavleg hadde hatt: at fredskorpset skulle vere gjensidig slik at begge partar kunne lære av den andre og dermed utvikle seg. Journalistane og dei profesjonelle informasjons- og PR-folka, derimot, eltar og knar informasjonen på ymse måtar slik at biletet vert eit anna. Det er eit bilet av norske ekspertar som ordnar opp i Afrika, som vert teikna heime i norske medium. Spørsmålet om å lære av dei andre kjem i bakgrunnen.

Dei fyrste journalistane er eit mogeleg unntak – dei ser ut til å ha identifisert seg så sterkt med fredskorpset og fredskorpsidealet at dei nærmest vart å sjå som ein del av prosjektet. Reportasjane i desember 1963 og januar 1964 hyller fredskorpsarane på ein måte som journalistar elles mest berre bruker om norske idrettsutøvarar. Dei journalistane som seinare reiste på eiga hand til Uganda, viser fram eit langt større mangfald i journaliststanden; med sider som ikkje alltid har stått seg like godt i lys av seinare utvikling. Journalisten frå Fædrelandsvennen kan her stå som eit døme. Han hadde ikkje noko problem med å ta over kolonimakta sitt språk og perspektiv. I ein serie reportasjar bruker den norske journalisten til dømes konsekvent omgrepene «boy» på ugandiske tenarar i heimane til både fredskorpsarar og andre han møter på reisa. Det er i dag underleg nok i seg sjølv å lese om tenarar i heimane til europeiske hjelpearbeidarar, men det vert endå meir påfallande når norske journalistar så ukritisk bruker kolonimakta sitt språk for å redusere dei frå å vere vaksne til å verte barn (boy). Språkbruken er her sjølvsagt berre eit ytre ferniss som i dette tilfellet ikkje gjer meir enn å indikere eit djupare syn på manglande utvikling i Afrika. Mellom linjene er det nokså klart at Afrika og afrikanarar kjem därleg ut i samanlikning med sivilisasjonen i nord.

Reportasjane i Fædrelandsvennen er ikkje noko unntak. Tvert imot er dei nokså typiske for ein viktig tendens i norsk journalistikk om Afrika i desse åra. Slik sett understrekar dei også at Fredskorpset med dei ettertenksame og reflekterte deltakarane faktisk hadde ein funksjon i den offentlege diskusjonen om utvikling og bistand i Noreg i 1960-åra. Fredskorpsarane var med på å forandre både måten nordmenn forstod og fortolka Afrika på, og språket som vi nyttar når vi snakkar om Afrika og utvikling.

Fredskorpsarane sjølv var ikkje dei fyrste til å klage på tilhøva som møtte dei, sjølv om dei fleste fekk erfare at det ikkje berre var å hoppe inn i viktige stillingar som venta. Ei av dei som arbeidde på eit sjukehus i Kampala, rapporterte heim at ho hadde det bra, og at arbeidet gjekk greitt framover. Både den fyrste, andre og tredje rapporten til Oslo er fylde av optimisme og ei positiv innstilling til store og små utfordringar i kvardagen. Ord og uttrykk som går igjen, er «interessant», «lærerik», «trives» etc. I november, snart eit år etter utreise frå Oslo, vågar ho endeleg å ta opp noko som tydelegvis har uroa henne gjennom det meste av det fyrste året: «Ca. halvparten av stabens arbeidsiver ligger dessverre mye tilbake å ønske.» Det gjeld både dei ugandiske tilsette og ein britisk sjef – «det står ikke til å nekte». «Jeg har aldri nevnt dette i rapporter før, og det er vel i grunnen ikke viktig, men en kan like godt skrive det», forklarar ho, før ho understrekar at ho no ikkje snakkar om manglande kompetanse. Den kan vere grei nok. «Dette gjelder kun latskap», forklarar ho, og strekar under «latskap».

Mange år seinare fortalte denne fredskorpsaren på eit seminar om nettopp denne opplevinga. Då hadde ho i mellomtida studert antropologi, og hadde forstått kor viktig slekt og språk var i Uganda.

Det var avgjerande kva stamme den enkelte høynde til. Fyrst då, mange år seinare, forstod ho kvifor så mange av dei tilsette sjukepleiarane viste så lite medkjensle med dei sjuke og pleietrengande. For dei var det aller viktigaste å ta vare på andre frå same folkegruppe som dei sjølve, andre pasientar fekk kome i andre rekke. Naturlegvis var dette nyttig og viktig kunnskap. Det var mange bitar som fall på plass. Det hadde nok vore nyttig, om enn politisk kontroversielt, om også folk heime i Noreg fekk høve til både å undre seg over slikt og anna, og dermed også ta del i naudsynte læringsprosessar.

50 år etterpå

Ein kjølig haustdag fem tiår seinare, Oslo. Den fyrste snøen har allereie smelta, og gatene ligg der tunge og våte. Kafeen på Litteraturhuset summar varm av stemmer frå eit mylder av menneske på veg til eit seminar om latinamerikansk litteratur. Ingrid Opdøl og Harald Julsrød, to av dei fyrste fredskorpsarane, held varmen med ein kopp kaffi. Endeleg møtest vi, etter ei lang reise – eg har lese om dei på Riksarkivet, på Nasjonalbiblioteket, i gamle aviser, i gulna rapportar som dei sende heim, nokre handskrivne, og i reisebrev på oppdrag for Venner av Uganda. Dessutan har eg sett fotografi av dei begge. Dei såg så vaksne og erfarne ut på dei gamle bileta i arkivet til Fredskorpset, så klare for store oppgåver. Julsrød i stram dress, kvit skjorte og slips. Opdøl elegant som ein lærar på veg ut i verda. Det gneistar i augo når dei fortel.

– Lasse (Aasland) hadde det så travelt med å få oss av stad, det gjaldt å verte nummer to i verda til å sende ut eit fredskorps, minnest Harald Julsrød. Det gjekk mest over stokk og stein. Dei hadde fått tak i dette gamle militærflyet. Eit propellfly. Det gjekk så sakte at vi måtte overnatte fire gongar før vi var framme i Kampala.

– Det er noko anna i dag, skyt Ingrid Opdøl inn. Ho er nett heimkommen frå ei prosjektreise til Uganda, der Venner av Uganda no driv fleire prosjekt. Samskipnaden har mellom anna hjelpt til med bygging av skular i tre landsbyar.²¹

– No tek det berre nokre timer med fly til Uganda, noko heilt anna enn den gongen, legg ho til. – Då vi reiste, tok vi avskil med familie og vene for to år. Det var ikkje snakk om å reise heim undervegs, knapt å ringe. I dag får fredskorpsarane besøk av vene og kjærastar. Det er noko heilt anna. Og så kan dei halde kontakt med heimstaden gjennom Internett.

Harald Julsrød var nokre år seinare (1988–1990) leiar for Fredskorpset i Zambia, og kjenner derfor godt fleire epokar i historia til Fredskorpset.

– Det er mitt inntrykk at mykje hadde endra seg frå 1963 til 1988. På mange måtar hadde dei i 1988 ein tøffare kvardag enn vi hadde. Til dømes lurte eg lenge på kvifor organisasjonar og andre i Zambia var så ivrige etter å ta imot norske fredskorpsarar. Eg kom vel til at det kom av at kvar fredskorpsar på den tida kom med nokså mykje driftsmidlar i stønad til mottakaren. Det gjorde alt meir komplisert. Det var mykje som måtte dokumenterast, forklarar han. Julsrød forklarar vidare:

– Eg hugsar at eg møtte ein i administrasjonen av det amerikanske fredskorpset i Uganda då vi kom dit. Han sa: «20 prosent av dykk vil kome til å bryte kontraktane og reise heim før to år er gått.» Men

²¹ (Venner av Uganda)

ingen av oss ville gje opp. Ingen braut kontrakten. I perioden i Zambia i slutten av 1980-åra, derimot, var det mange som gav opp, kanskje nærma det seg 20 prosent.

Begge to har merka seg at mykje har endra seg i Fredskorpset sidan dei sjølve reiste til Uganda.

Opdøl:

– Eg har lagt merke til at deltakarane på det nye fredskorpset er ute mykje kortare tid enn det vi var, ofte berre ti, tolv månader. Det synest eg er litt merkeleg. Det tok tid å lære seg arbeidet. Dessutan skulle vi tilpasse oss og forstå både kultur og sosiale tilhøve. Fyrst då følte eg at vi greidde å gjere nytte for oss. Det var naudsynt å bruke mykje tid. Eg trur også at det ville ha vore forstyrrande å få besøk frå Noreg. Det var på mange måtar fint at vi visste at vi hadde teke avskil med Noreg for ein lang periode. Det gjorde det kanskje lettare å tilpasse seg det nye.

I dag slepp Fredskorpset i alle fall nokre av utfordringane som dei hadde i 1963.

– Vi var alle samla på eit informasjonskurs før utreise, men det var ikkje så lett å få tak i ekspertar som kunne fortelje om Uganda, fortel Julsrud. Det var rett og slett ikkje så mange nordmenn som hadde vore der då.

– Dessutan vart det klart at vi skulle til Uganda, nokså seint i førebuingane.

– Eg hugsar godt at eg såg annonsen for Fredskorpset i avisas. Då spurde eg rektor på skulen der eg arbeidde, om det var mogeleg å få permisjon for å reise til Afrika. Det var det, så eg søkte. Då visste eg enno ikkje kva land vi skulle til. Men eg fylgde godt med på alt det som gjekk føre seg i Afrika på den tida. Det var så spanande med frigjeringa av alle desse nye landa, seier Opdøl.

– Det er klart at vi alle var nokså eventyrlystne, fortel Julsrud. Eg hadde mönstra på eit skip og segla til Austen som dekksgut, men du veit, det var ikkje mykje tid til å kome seg i land for å sjå seg omkring, då. Etterpå studerte eg to år i USA, før eg fekk meg arbeid som bartender i Yellowstone nasjonalpark. Der møtte eg ein oljemillionær frå Texas som tilbaud meg løn under utdanning dersom eg plikta meg til å arbeide for han etter utdanninga. Kven veit kva som kunne ha hendt dersom eg hadde takka ja til det tilbodet?

– Eg trur interessa mi for Afrika kanskje vakna då eg studerte språk i England, seier Opdøl. Der budde eg med ein familie som hadde ein onkel som hadde kjøpt seg eit stort jordstykke i Rhodesia. Dei fortalte mykje om livet der, og eg forstod at Afrika var interessant. Det var mykje meir enn berre fattigdom.

Samtalens flyt lett frå notid til minne, frå Noreg til Uganda. Eg grip inn med ei lita undring:

– I avisene kunne ein kanskje få inntrykk av at de fyrst og fremst var idealistar som ville hjelpe Afrika?

Harald Julsrud meiner å minnast at dei bevisst freista å unngå å framstå som altfor idealistiske. Ingrid Opdøl legg til at ho likevel hadde ein tydeleg idé om å gjere ein jobb, gjere nytte for seg. Julsrud:

– Eg visste ikkje kva arbeid eg gjekk til, då vi reiste nedover. For meg var det tale om anten å arbeide som ingeniør eller med ungdom, sidan eg hadde erfaring med begge delar. Men den fyrste tida arbeidde eg berre på kontoret til Fredskorpset i Kampala. Der kom eg i kontakt med ein brite som

arbeidde for eit departement. Han foreslo at eg skulle reise ut på landsbygda for å leie eit større prosjekt. Det var sjølvstendig arbeid med stort ansvar, veldig utviklande.

– Du vart kasta ut på djupt vatn, skyt Opdøl inn.

– Nettopp! seier Julsrud. Det var visst to britiske ingeniørar som hadde fått tilbodet før meg, men dei hadde nekta. Men det gjekk bra!

– Nokre av dei norske sjukepleiarane vart straks sette inn som oversjukepleiarar med ansvar for heile avdelingar, fortel Opdøl. Det var svært ansvarsfulle stillingar. Eg minnest kanskje best kor godt vi vart tekne imot overalt der vi kom. Vi fekk vene overalt. Eg arbeidde til dømes med 450 familiar til ugandiske politimenn. Det gjorde at vi fekk nær og god kontakt med vaksne kvinner. Eg hugsar at det var mykje overtru når det gjaldt ernæring, som var mitt felt. Det var til dømes mykje som gravide kvinner ikkje «kunne» ete. Då kunne vi fortelje at det ikkje nødvendigvis var slik andre stadar. Hjå oss her heime, til dømes, fekk kvinner ete mykje som dei der trudde var skadeleg på ein eller annan måte. Slik sett kan vi kanskje tru at vi hjelpte litt til. Dei fekk på ein måte høve til å løfte blikket litt. I dag er det annleis.

Harald Julsrud lyttar stille, tenkjer seg om.

– Korleis hadde livet sett ut utan denne erfaringa? Det er umogleg å sjå det føre seg. I heile arbeidslivet mitt har eg vore engasjert i internasjonalt samarbeid. Både i næringslivet, då eg arbeidde for Norconsult, mellom anna med prosjekt i Tanzania, og då eg kom inn på aspirantkurset til Utanriksdepartementet. Det hadde eg neppe gjort utan erfaringa som fredskorpsar, vil eg tru. Det opna seg nye dører for meg, og eg arbeidde mellom anna i Rotterdam og Venezuela.

Også for Ingerid Opdøl har Fredskorpset prega vegn vidare i livet. Ho har arbeidd for UNESCO, mellom anna for prosjekt i Senegal, og var ei tid leiari for den norske studentheimen i Paris. Seinare engasjerte ho seg i det internasjonale arbeidet til Lærarforbundet i Palestina.

– Kva vart det eigentleg igjen av sjølve arbeidet eg gjorde i Uganda? spør Harald Julsrud. Vel, ikkje så mykje. Det er kanskje ikkje så mykje som står igjen, seier han ettertenksamt.

Likevel står minst éin ting att: eit livslangt engasjement for Afrika og Uganda.

Litteratur

Aasland, Lasse. 1964. Laa/Lj. Oslo Riksarkivet.

Anonymisert. 1964. Rapport pr. 7. april 1964. I *Norsk utviklingshjelp*. Oslo Riksarkivet.

Brynhildsen, Harald. 1963. "Fredskorpset feirer jul i Uganda." *Aftenposten*, 24.12.

Brynhildsen, Harald. 1964a. "Fredskorpset er i fullt arbeide - går inn i viktige stillinger." *Aftenposten*, 4.1.

Brynhildsen, Harald. 1964b. "Stor mottagelse." *Aftenposten*, 16.12.

Don Segundo. 1963. "Intet nytt fra fredskorpsfronten i Uganda?" *VG*, 28.12., 26.

Don Segundo. 1964. "Å hei, å hopp, å hei hvor det går." *VG*, 11.1., 30.

"Fredskorpset fremme." 1963. *Aftenposten*, 16.12, 12.

"Fredskorpset på vei. Med juletre og eventyrlyst i bagasjen." 1963. *VG*, 12.12.

- Jensen, Egil Remi. 1964. "Fredskorps i afrikansk underverden og usivilisert ørkenfjell." *Fædrelandsvennen*, 16.4., 17.
- Jensen, Olav Bakken. 1966. "Vilttoppsynsmann i Afrika." *A-magasinet*, 9.4., 16 - 17.
- Lunder, Ole Andreas. 1964. Rapport. I *Norsk utviklingshjelp - Fredskorpset*. Oslo: Riksarkivet.
- Mikkelsen, Magnar. 1966. "Har en ung nord-norsk fisker lyst å drive sitt yrke i Uganda?" *Lofotposten*, 18.4.
- "Norsk sivilagronom jordbruksespionér i Uganda. Oslo-ingeniør instruerer afrikansk ungdom i folkedans." 1964 *Trønder-Avisa*, 9.9.
- "NRK med "Purka" til Uganda." 1963. *VG*, 5.12.
- Ringnes, Haagen. 1964. "Fredskorps." *VG* 11.1., 30.
- Schjander, Fredrik. 1964. Norske sykepleiere kjemper mot uvitenhet i Uganda. Oslo Informasjonstjenesten i Norsk utviklingshjelp.
- Venner av Uganda. "Om VaU. Hvem er vi ?". Venner av Uganda Hentet 18.11. 2012.
http://www.vau.no/?page_id=5.
- Vetlesen, Leif. 1966. Til Fredskorpsdeltakerne. I *Norsk utviklingshjelp*. Oslo Riksarkivet.
- Vetlesen, Leif. 1987. *Det norske fredskorps : fra Trollvasshytta til Afrika*. Oslo: Gyldendal.